

## **Pasientreiser oppfordrar brukarar til å køyre eigen bil eller bli køyrt til behandling, alternativt få endra timeavtale.**

Pasientreiser har svært stor pågang frå behandlarar med bestilling av drosjer. Etterspurnaden er langt større enn den faktiske kapasiteten. Kapasiteten er nær sprengd i store delar av Helse Førde sitt område grunna buss-streik og covid-19.

Pasientreiser hadde kapasitetsutfordringar allereie før buss-streiken, då Pasientreiser pga. covid-19 begrensa tal pasientar i ei ordinær drosje. Før utbrotet hadde Pasientreiser ein svært høg samkøyringsgrad og utnytting av bilane. Pasientreiser samkøyrer no ikkje i ei ordinær drosje og pasienten må sitte i baksetet. Dette for å halde anbefalt avstand på ein meter.

Føringane for å få dekka drosje på trafikalt grunnlag, er at det ikkje går rutegåande transport på strekninga. Då kan brukarane få dekka drosje eller bruk av eigen bil. Hugs at reisa i tillegg må vere over 10 km.

No under covid-19 får alle dekka bil med tilleggsutgifter på reiser over 10 km.

[Les om rettighetsendringen.](#) Her står det også forklart korleis brukarane skal søke om dekning av sine utgifter i ettertid.

Pasientreiser prioritera rekvirerte turar til spesialisthelsetenesta og ØH-turar inn til primærhelsetenesta, men pga. kapasitetsutfordringa i enkelte områder kan det vere vanskeleg å skaffe nok drosjer.

Måndag 28. september var det svært mange trafikale turar som blei rekvirert av behandlar, i tillegg var det svært mange turar som blei meldt inn etter klokka 13.00. Pasientreiser ber behandlar halde seg til følgjande retningslinjer:

- Det er Pasientreiser som rekvirerer til og frå behandling når rutegåande transport ikkje er tilgjengeleg
- Behandlar rekvirerer til og frå behandling ved medisinsk grunnlag for transport
  - Henvisande lege utsteder rekvisisjon på medisinsk grunnlag til førstegongsbehandling hos spesialisthelsetenesta

- Ved påfølgjande behandling er behandlingsstaden ansvarleg for å utstede rekvisisjonar på medisinsk grunnlag for tur- og returtransport
- Ved øyeblikkeleg transportbehov til behandling skal behandlar rekvirere transport
- Turar skal meldast inn innan klokka 13.00 yrkedagen før

Pasientreiser ber behandlar spesielt legge merke til at dei trafikale turane ikkje skal rekvirerast av behandlar, men av Pasientreiser i Helse Førde.